

## Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 20. Mars 2018.

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland.

Møtetype: Styremøte.

Deltakarar: Eva Bjelland, Anita Midthun, Ketil Simonsen, Aina Sunde Dahl. Elisabeth Førland på telefon.

Sak ein: referat frå forrige møte: Godkjent. Kommenterar: Siv Tysvær vart nytt medlem av utstillingskomiteen. Det vert pelsstellkurs i Haugesund 29. April. Elisabeth sender ut invitasjon på epost til medlemmar på haugalandet. –på heimesida til klubben står me som avdeling Telemark... Dette kan me ikkje ha. Aina skriv litt om avdelinga vår, og me må og få aktivitetsplanen betre presentert på sida. ( PDF fil)

Sak to: Aktivitetskalendar, fram til sommaren. –Agillitytrening er i full gang. –Temakveld med veterinær Marit Breivik vart avlyst på grunn av for få påmeldte. Me kan ta det opp att ved ei seinare anledning. –Agillity kurs i april/mai. –Spaniel treff startar opp nå tidleg april. –Vatnapport startar og opp snart, men isen må helst gå fyrst..Info kjem på facebokok når det nærmar seg. - Utstillingstrening har starta. –Jakttrening på Haugalandet. –Matchshow i mai/juni. –Pelsstell nybyrjar: 15. April, pelsstell vidarekomne flytta til oktober. –Hubertusprøve og sauekurs inn på lista. Utstillinga i september må annonserast i våre spaniels. Foreløpig revidert aktivitetsplan sendt ut.

Sak tri: Styret, materialforvaltar. Ketil hentar heim alt som ligg lagra hos Siw. Eva kjem til Ketil kl. 1200 søndag 25. Mars, så går me over, og fordeler ting etter beste evne.

Eventuelt: Me tek ein kikk på alternative premiar med spanielklubben sin logo på. Elisabeth sjekker kva som kan passa å kjøpa inn som dommargåver, og premier ellers. Proffsport.no. Senda over til Rut. –Det er og søkt om støtte til agillity området vårt.

Møteplan for 2018: 17.April-Aina. 5.Juni-Anita. 14.August- Ketil. 25.September-Eva. Og 4.Desember, stad ikkje bestemt ennå.